



Branntilsynet har utløyst fleire kritiske kommentarar om oppvekstsenteret og Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er brukt brennbart materiale på veggjar i rømningsveg både ved dei gamle garderobane, i inngangsparti til Aktivitetshuset og i korridor til hovudinngangen på skulen, Det var og sett opp ein skillevegg i tre i korridor utanfor barnehagen.

Dette er eit utdrag av dei kritiske kommentarane i rapporten som branningeniør Stein Kyrre Kvinge har skreve etter eit nyleg gjennomført branntilsyn ved Uskedalen Oppvekstsenter og aktivitetshus. Han peikar på at oppvekstsenteret har enkle rømningstilhøve sidan alt er på eitt plan. Men det er gjort endringar i bygget utan at det har hatt konsekvensar for rømningsvegar og merking av desse.

Kvinge peikar på at det er noko rotete merking av rømningsvegar etter ombyggjinga. Det manglar og dokumentasjon på rømningsstrategi.

Det var ingen brannalarmtavle i barnehagen tiltross for at leidningar var lagt fram og orienteringsplan hang på veggjen. Slik det er i dag må personal frå barnehagen gå svært langt for å sjå kor alarmen har løyst seg ut. Orienteringstavle skal monterast der betjeninga i bygget vanlegvis oppheld seg.

Lagerrom på loft vart brukt til klasserom, skriv branningeniøren. Han preiserer at rommet ikkje har tilstrekkeleg med rømningsvegar og ikkje er meint for opphald av personar. Bruk av dette rommet for elevar (og anna opphald) er ulovleg og må stoppast umiddelbart, skriv Kvinge.

Uskedalen.no får opplyst at rommet ikkje er nytta til klasserom sjølv om det har vore innreidd for det.

Det kunne ikkje leggjast fram oppdaterte brannteikningar ved tilsynet og det er uklare rutiner for opplæring/informasjon til ulike brukarar av Aktivitetshuset. Det varierar om ein har skriftleg avtale med leietakarar eller ikkje.

I oppsummeringa si skriv Kvinge at deler av bygningen har vore under ombyggjing og at dette har ført med seg ein del problem i høve til blant anna rømningsstrategien. Det er og sett opp ein trekonstruksjon som burde vore sett nærmare på før ein tok til med arbeidet. Trekonstruksjonar saman med ein del lagring i korridorar førar til høg brannbelastning i nokre av rømningsvegane,

Første prioritet i brannvernarbeidet må vera å sikra at alle kan komme seg raskt og sikkert ut av bygningen ved ein brann. Rømningsvegar må vera tilrettelagde for dette. Rom på loftet må ikkje brukast til personopphald..

Maksimalt persontal for hallen vart diskutert under tilsynet. I ei brannteknisk vurdering i 2001 vart maksimalt persontal når det ikkje er stolar og bord sett til 540 personar. Dette talet er begrensa av talet på og på breidda av rømningsvegar.

I 2001 vart det ikkje sagt noko om persontalet hvis ein har stolar og bord. Men om ein reknar med standard persontettleik for slike lokale blir maksimalt persontal 300 med stolar og bord, skriv branningeniøren.

Av Ola Matti Mathisen